

# MEMOAR

## Medlemsbrev

### Årsmøte 7 des:

Memoar sitt andre ordinære årsmøte vert innkalt til Møterom 1 på Bergen Bibliotek onsdag 7. desember kl 18 – 20. Alle årsmøte-dokument vert publiserte på [Framdrift.Memoar.no](http://Framdrift.Memoar.no) seinast 23/11

### Laurdag 12/11: Kurs/idéstorm/ erfaringsdeling

Nye medlemmer er spesielt velkomne til ein føremiddag med deling av kunnskap og erfaring på Biblioteket i Bergen neste laurdag.

Bjørn Enes (dagleg leiar i Memoar) vil vere ansvarleg. Me kjem til å halde ein uformell stil for bli kjende med kvarandre og idéane som kvar har med.

Me møtest i Møterom 1 innerst i kjellaretasjen kl. 10,



## Brått løsna det...

Torsdag 13. oktober var Jostein Saakvitne og Bjørn Enes inviterte til å fortelje om Memoar på Litterær Lunsj på Bergen Bibliotek.

Tysdag 25. oktober slo Bergens Tidende til med eit oppslag om Memoarog intervjustudioet i Biblioteket.

Onsdag 25. oktober inviterte NRK Hordaland Bjørn Enes til direkte prat om det same i ettermiddagssendinga på radio,

Og sammeleg kom ikkje Vestlandsrevyen og for å lage eit reportasjeinnslag om Memoar og forteljaren Eldrid Munck.

Og no virkar det som at alle veit kva Memoar er :-)





I åra 1994-2000 samla «Norgesokumentasjon» 450 videointervju. Ein stor del av dei var med primærkjelder til krigs-, okkupasjons og sjøfartshistoria 1939 – 1945. Memoar har no starta sarbeidet med å gjere desse opptaka tilgjengelege for publikum. Mellom anna er der verdfulle opptak frå Nord-Hordland, Sotra, Voss og Bergen.

Det trengst dugnads-hjelp. Les om kva som skal gjerast på <http://Dugnad.Memoar.no>

Gratis intervjustudio i Bergen



## Nye prosjekt under førebuing:

### Mitt Møhlenpris:

Munnleg bydelshistorie

### Migrasjonshistorier:

Flyktningeintervju


**Sjølvsbyggerane:** Heilt fram til århundreskiftet vart byggefelt laga på dugnad,  
**Sykkelturar:** På 50- og 60-talet sykla ungdom til Italia på sumarferie.



## Randi.Katharina.Brustad.Memoar.no:

Sist publiserte forteljar: Randi var den fyrste kvinnelege leiaren av Studentersamfunnet i Bergen og ein av dei fyrste kvinnelege advokatane der. Ho opna sin praksis i ein periode då det var store endringar i juridiske, sosiale, økonomiske og ikkje minst moralske rammer rundt privatretten, og ho fekk svært mykje å gjere med familie- og skilsmisssaker.

I intervjuet fortel ho mykje og engasjerande om barndom og oppsedingskultur. Det tidlegaste minnet som dukka opp hos henne var at ho fekk juling av far sin - og at ho måtte sitje på badet og vente på at han skulle kome heim...



Fylkesutvalet for kultur, idrett og samferdsel vedtok 12/10 å støtte eit krafttak for munnleg historie og minnekultur i Hordaland med 200.000 kroner.

Les planar og framdriftsmeldingar på <http://Krafttak.Memoar.no>